

Vedlegg 1

17-July-2015

Svein Børteit
Juvikstølen 56
5916 ISDALSTØ

Telf. 99 79 20 70
17. juli 2015

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

**SØKNAD OM DISPENSASJON FOR UTNYTTINGSGRAD BYA, OG/ELLER
BYGGJELØYVE UTAN AT DET FØRELIGG GYLDIG REGULERINGSPLAN –
GNR 185, BNR 141.**

Eg viser til vedlagde søknad om byggjeløyve for ei mindre utviding av huset vårt.

I møte med bygesaksavdelinga i april blei det opplyst at det må søkjast om dispensasjon for ytnyttingsgrad av tomta (BYA). I den samanheng blei det vist til eit skriv «Planjuss nr 1/2012, side 18», som eg fekk kopi av. Der heiter det bl.a.:

«... dersom en forenklet reguleringsplan bare angir reguleringsformålet, ..., uten at graden av utnytting er fastsatt, så er det ingen reguleringsplan i plan- og bygningslovens forstand. ... Planen er dermed å betrakte som ugyldig.»

Her må det altså søkjast om dispensasjon for utnyttingsgrad i ein plan som ikkje har oppgitt utnyttingsgrad (!), og som heller ikkje er gyldig. Etter mi oppfatning, verkar dette ganske absurd. Men dersom det er slik det skal vere, så søker eg hermed om det. Utvidinga er på 4,6 m², og BYA er 13 % både før og etter utbygging.

I eit seinare møte med bygesaksavdelinga, 30.06.15, blei det opplyst at det må søkjast om dispensasjon frå Kommunedelplan Knarvik – Alversund punkt 2.3. Der heiter det: *«I byggeområda skal det ligge føre ein godkjend reguleringsplan før tiltak etter pbl §§ 81, 86 a, 86 b og 93 kan finna stad....»*

Sidan reguleringsplanen er ugyldig, søker eg då følgjeleg om dispensasjon til å utvide huset med 4,6 m² utan at godkjend reguleringsplan ligg føre.

Sjå elles vedlegg 10 – Søknad om bortfall av gebyr.

Med helsing



Svein Børteit